



Hans Jacob Sortland  
Heiane 53  
5131 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4634 - 21/1850

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
12.03.2021

## Løyve til endring av plassering for bygging av garasje gbnr 160/123 - Lauvøy

### Administrativt vedtak. Saknr: 031/21

Vi syner til søknad motteke 10.03.2021

### Vedtak

Det vert godkjent omsøkte løyve til endra plassering av garasje i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4 og naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

### Saksutgreiing:

Søknaden gjeld igangsetjingsløyve til endra plassering av tiltaket.

Søklar skriv følgjande: *Jeg vil med dette søke om å få endret plassering av garasjen som jeg har fått godkjent satt opp på gnr 160 Bnr. 123, slik at denne kommer helt inntil tomtegrensen. Det viser seg at det er mest fornuftig bygningsmessig og bygge de to veggene som kommer inn mot det utskutte fjellet i mur. Da er det ikke nødvendig med så mye luft mellom garasje og fjell. Det er derfor ønskelig å få så stor avstand som mulig mellom garasjen og de øvrige bygningene på tomten. Vedlagt følger bekreftelse fra øvrige grunneiere på nabotomten.*

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Situasjonsplan og terrengprofilar**

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Konklusjon:**

#### **Det vert godkjent endring av plassering av garasje som omsøkt.**

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Lykke til med arbeidet.

Med helsing  
Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Mottakere:**

Hans Jacob Sortland

Heiane 53

5131

NYBORG